

## Nordhordland Utviklingselskap IKS - Styret si årsmelding 2016

### Type verksemd og lokalisering

Nordhordland Utviklingselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Strategiske planar legg til grunn at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v. Dei største prosjekta selskapet har jobba med i 2016 er Region Nordhordland Helsehus, Kommunereforma og Unesco Nordhordland Biosfæreområde. Elles har selskapet jobba med andre prosjekt med mindre omfang, diverse høyringar samt ordinære / faste oppgåver for Regionrådet og Rådmannsutvalet.

### Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr 118 213. Styret foreslår at mindreforbruket vert avsett til pensjonsfondet. Styret ser det fornuftig å ha eit pensjonsfond for å ta årlege svingingar og for å dekkja inn framtidige pensjonskostnader.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, prosjektinntekter og eit lite driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvise bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### Likestilling/HMS

Selskapet har 7,0 årsverk pr. 31.12.2016 fordelt på fem kvinner og tre menn. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Innan HMS-området har dei tilsette til kvar tid tilbod om å kjøpa utstyr som kan betra arbeidssituasjonen til den enkelte.

### Arbeidsmiljø

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2016.

### Påverknad av det ytre miljø

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

### Grunnlag for fortsatt drift

Som det kjem fram av årsrekneskapan er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 10. mai 2017



Håkon Matre  
Styreleiar



Kari Torkildsen Utkilen  
Styremedlem/nestleiar



Arnhild Kjellevoid  
Styremedlem



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar